

Årsmøte Stord kyrkjelyd 17. mars 2019

Årsmøtet vart halde i Stord kyrkje etter gudstenesta.

41 personar til stades.

Årsmøtet vart leia av soknerådsleiar Jostein Grimsbø

Årsmelding for soknerådet v/Jostein Grimsbø, soknerådsleiar 2018

Jostein gjekk gjennom årsmeldinga, og peika på alt det gode arbeidet som vart lagt ned i Stord kyrkjelyd. Engasjerte folk har starta opp med kveldssamlingar, der mange har funne sin plass i eit godt fellesskap. Det var og ein sær sars vellykka familieleir til Brandøy i juni, og eit soknemøte i slutten av oktober som vitna om stort engasjement for kyrkjelydsarbeidet. Han minna om soknerådsvalet til hausten, at det er gode grunnar til å sei ja til å stå som kandidat. Eller at ein må nytta stemma si ved å stemme ved valget.

Jostein gjekk og gjennom rekneskapet, og drog særskilt fram at soknerådet hadde budsjettert med inntekt for kyrkjelydshus. Soknerådet gjorde ikkje noko framstøt angående denne saka, difor kom det ikkje noko inn på den posten. Jostein peika og på takkoffer til kyrkjelydsarbeidet i forhold til utgiftene. Utgiftene var mykje lågare enn inntektene, det er positivt i forhold til innsamling til kyrkjelydshus. Soknerådet har vedteke å starte givarteneste i 2019.

Kommentarar

- Rekneskapet viser mykje pengar i omløp, berre ein liten del går tilbake til kyrkja/kyrkjelydsarbeidet. Soknerådet bør ha eit bevisst forhold til det.
- Kyrkjemusikalsk arbeid; Utgifter budsjettert med kr 20 000, men kun halvparten vart brukt. Samtidig var det budsjettert med kun kr 10 000 inn, og det kom inn kr 20 000. Liv Kari svara at dette hadde nok ein samanheng med at kontor var sjukmeldt nesten det første halvåret, og at det då var naturleg at kyrkjemusikalsk aktivitet var lågare enn forventa. Jostein/ Reidun: Budsjettet for 2018 bar preg av at soknerådet har revidert kontoplanen slik at beløpa frå tidlegare ikkje naturleg passa inn i den nye kontoplanen. Difor var budsjettet for 2018 ikkje heilt lett å landa då det ikkje var konkrete tal å gå etter.
- Spørsmål kvifor ikkje takkoffer ut til eksterne organisasjonar ikkje stemmer overeins med takkofferbeløpet inn. Reidun: Fasteaksjonens innsamlingsbeløp for Nysæter sokneråd 2017 vart ført på Stord sokneråd sin konto. Dette vart overført til Nysæter først i 2018.
- Liv Kari: Fellesrådet må rapportera til bispedømerådet angående rekneskapet for trusopplæringa og diakoniarbeidet. Difor vert takkoffer til trusopplæringa og diakoniarbeidet overført til fellesrådet.
- Spørsmål om kva "Retningsgivande" betyr i setningen under rekneskapet. Liv Kari/ Reidun: Det er Stord kommune som fører rekneskapen for soknerådet, og rekneskapet frå dei var ikkje klart før årsmøtet då dei har frist til 15. mars. Difor er rekneskapet som ligg ved i årsmeldinga ikkje eit endeleg rekneskap. Rekneskapet er kun lagt ved som orientering over kva som er gått ut, og kva som er komt inn.

Årsmelding soknepresten v/ sokneprest Olav J. Oma

Olav gjekk gjennom og presenterte si årsmelding. Kyrkjelege handlingar som gudstenester, gravferd, dåp og konfirmasjon er viktige handlingar i kyrkja. Dei aller fleste vel kyrkjeleg seremoni ved gravferd. Konfirmantane som starta opp med undervisning i haust, ligg på rundt samme prosent som året før. Takkofferbeløpet i kyrkja viser ein nedgong frå året før, det trengs meir bevisstgjerung og engasjement rundt dette.

Olav avslutta med å takke for ein veldig fin gudsteneste i lag, og den festen det hadde vore.

Kommentarar

- Spørsmål angående tala i tabellen på side to i årsmeldinga der det viser fleire gudstenester og deltakarar enn året før. Olav svara at frå 2018 vert kveldssamlingane talt som gudstenester.
- Reidun: talet angående takkoffer i den samme tabellen er utan sjølve innsamlinga for fasteaksjonen. Tala i denne tabellen er henta ut frå statistikken som vert sendt inn til kyrkjerådet.

Kyrkjemusikk v/ Jostein Grimsbø

Kyrkjerommet er godt egna til fellessong og kor song, og har gode tilhøve for akustisk musikk. Samtidig ber orgelet preg av det er gammalt, og var i fjor til tider funksjons-udyktig. Det vart sett ned ein komite for rehabilitering av orgelet. Det resulterte i at orgelet vert sett i stand av eit firma frå Berlin, dei byrjar arbeidet i september og reknar med å vere ferdig i slutten av oktober.

Trusopplæringa v/ Jostein Grimsbø

Årsmeldinga for trusopplæringa ber ein del preg av sjukemelding og avlysingar, samtidig som at det har vore gjennomført mange kjekke samlingar i kyrkja som småbarnssong, T4, T5, T6 og T9.

Diakoniutvalet v/ Jostein Grimsbø

Årsmeldinga viser at arbeidet i diakoniutvalet ikkje berre dreier seg om sorgarbeid. I tillegg så er fasteaksjonen, matserving for konfirmantane, jule- og påskevandring for utviklingshemma, og deltaking i diverse arbeid i bedehus og andakt på institusjonar faste punkt gjennom året.

Planar vidare v/ Jostein Grimsbø

Soknemøtet 28. oktober utløyste mange gode innspel til det vidare arbeidet i kyrkjelyden. Jostein og Anders Dahl har sett på alle ideane som kom fram, og har plukka ut fire punkt som gjekk igjen;

- Fellesskap - ulike møtepunkt og stader
- Frivillighet - mange ynskjer å bidra
- Struktur - eit stabilt og solid fundament er viktig for vekst
- Kommunikasjon - sokneråd, kyrkjelyd, tilsette

Kyrkjelydsblad: Den første utgåva er planlagt at kjem i postkassane i slutten av mai.

Kyrkjelydshus? Positivt med engasjement rundt kyrkjelydshus, samtidig så er kyrkjelyden her og no og huset er lengre fram. Soknemøtet i oktober = byggemøte. Ikkje berre for hus, men viktig å byggje kyrkjelyd ved å leggje planar og setje mål.

Jostein avslutta med å takka alle som er med og bidrar på ulikt vis, og takka alle som var med på årsmøtet for ei kjekk stund i lag.

Reidun Andersen, sakshandsamar
skrivar